



STORTINGET

Innst. 192 S

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget
frå næringskomiteen

Dokument 8:95 S (2024–2025)

Innstilling frå næringskomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentantane Mimir Kristjánsson, Tobias Drevland Lund og Sofie Marhaug om å ta vare på villgeitene

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet blir det fremja følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa instruere Mattilsynet om å stanse avlivinga av villgeitene i Sogn og finne ei minneleg løysing med dei nye eigarane for å sikre dyrevelferda til villgeitene.»

Sjå dokumentet for nærare utgreiing av forslaget.

Komiteen si handsaming

Komiteen har i brev av 24. februar 2025 til Landbruks- og matdepartementet ved statsråd Nils Kristen Sandtrøen bedt om ei vurdering av forslaget. Svaret frå statsråden går fram av vedlagte brev av 3. mars 2025. Komiteen inviterte til skriftleg høyring i saka, og har mottatt tre høyringsinnspel. Innspela er samene med dokumenter i saka tilgjengeleggjort på saks sida på stortinget.no.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Rita Hirsum Lystad, Runar Sjøstad, Rune Støstad og Solveig Vitanza, frå Høgre, Nikolai Astrup, Olve Grotle, Sveinung Stensland og Henning Wold, frå Senterpartiet, Nils T. Bjørke, Jenny Klinge og leiaren Erling Sande, frå Framstegspartiet, Lill Harriet Sandaune og Bengt Rune Strifeldt, frå Sosialistisk Venstreparti, Kari Elisabeth Kaski, frå Raudt, Geir Jørgensen, frå Venstre, Alfred Jens Bjørlo, og frå Miljøpartiet Dei Grøne, Rasmus Hansson, viser til Dokument 8:95 S (2024–2025) representantforslag om å ta vare på villgeitene på Kvist mellom Høyanger og Balestrand i Sogn og Fjordane.

Komiteen viser til landbruks- og matministeren sitt brev av 3. mars 2025, der det blir vist til at geitene må reknast som domestiserte dyr, altså husdyr. Vidare viser statsråden til at det viktigaste ikkje er bruk av omgrep, men at geitene sin overleving fram til i dag ikkje inneber at dei har tilpassa seg naturen slik ville dyr har det.

Komiteen viser vidare til at det er Mattilsynet som fører tilsyn og treffer nødvendige vedtak for å oppnå etterleving av reglar gitt i, eller i medhald av, lov om dyrevelferd. Landbruks- og matministeren opplyser vidare om at han har tillit til at Mattilsynet har gjort sitt vedtak på grunnlag av gode faglege vurderingar, og at han ikkje vil tilrå at det blir gjort vedtak i tråd med representantforslaget.

Komiteen vil òg vise til at Mattilsynet sitt vedtak ifølgje landbruks- og matministeren inneber at flokken må avviklast innan utgangen av 2025, men utelukkar

ikkje at det kan skje på andre måtar enn ved avlving, dersom det er råd.

Komiteen viser til at det er kome inn tre skriftlege innspel i saka.

Medlemene i komiteen frå Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Raudt, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne viser til utviklinga som har funne stad den siste tida, ved at ein nabo har tatt over nokre av geitene. Desse medlemene viser òg til at det i høyringssvaret frå NIBIO går fram at Norsk genressurscenter og Statsforvaltaren i Vestland samarbeider med eigar og verten om å utarbeide ein plan for korleis det unike dyrematerialet kan takast vare på både i genbank og i ordinært husdyrhold så snart smittestatus er avklart. Vidare heitar det i høyringssvaret:

«Planen vil gå over flere år og fordrer at smittestatus hos flokken er så god at Mattilsynet etter hvert frigir de temmede kjea fra karantenen de står i nå.»

Desse medlemene oppfattar dette slik at det reint tidsmessig vil kunne vere ein fordel for dette arbeidet om det blir gått eit ny runde med å finne ei anna løysing enn å avvikle dyreflokken innan den fristen Mattilsynet har vedtatt.

Desse medlemene viser vidare til det som kjem fram i NOAH sitt høyringssvar, kor det er peika på fleire relativt enkle tiltak som kan betre dyrevelferda. Det blir her nemnt systematisk tilsyn med tilleggsføring, leskur og eventuell kastrering av hanngeitene. Desse medlemene har òg merka seg at NOAH har peika på

«de frittgående geiteflokkene på Skorpa og Sandsøya i Herøy kommune, hvor Mattilsynet først vedtok at dyrene skulle avlives, men som nå har fått leve videre under visse vilkår. Vi mener at geitene på Kvist bør kunne få leve videre under samme vilkår, spesielt siden Mattilsynets inspeksjon har vist at geitene er friske og takler utegangen godt.»

Alt dette i sum gjer at desse medlemene vil fremje følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa ta initiativ til at Mattilsynet, i staden for å avvikle heile villgeiteflokkene innan fristen som no er sett, arbeider vidare for å finne løysingar som sikrar dyrevelferda til Kvistgeitene og tar vare på genressursane i vidare husdyrhald.»

Fleirtalet i komiteen, alle unntatt medlemene frå Framstegspartiet, har forståing for Mattilsynet sine vurderingar om at det er dyrevelferdsmessige utfordringar med å la flokken leve utan at nokon har tilsyn med dyra og kan gjennomføre nødvendige tiltak som styrker dyrevelferda. Fleirtalet viser samtidig til at det er eit stort engasjement for flokken, og at dersom det er nokon som er villige til å ta på seg eit ansvar for

oppsyn med og nødvendige tiltak for flokken, så kan villgeitene kunne leve vidare. Det er difor etter desse medlemmer sitt syn viktig at Mattilsynet undersøker denne moglegheita.

Medlemene i komiteen frå Raudt syner til svaret frå statsråden om at saka har «en lang tilsynshistorikk».

Det er i denne samanhengen denne medlemene òg forstår tilsynshistorikken: geitene på Kvist har nettopp ikkje vore som husdyr å rekne, i alle fall ikkje i konvensjonell forstand. Dette er òg noko av bakgrunnen for framlegget, då framleggsstillarane meiner at geitene kjem i ein skvis mellom å leve vilt og bli handsama som domestiserte dyr.

Denne medlemene har ikkje noko problem med å forstå uroa til Mattilsynet og andre i denne saka. Geitene på Kvist er truga frå fleire kantar, ikkje minst frå motorveg og rovdyr, likt frittgåande dyr.

Norsk genressurscenter har tidlegare peika på at geitene på Kvist har eit særleg verdifullt genmateriale.

Statsråden syner til at ingen har meldt seg til å ta vare på geitene. Dette stemmer ikkje heilt. Nabo på Kvist, Anne Jo Bjordal, har tatt ansvar for nokre kje, slik mellom anna Sogn Avis har meldt om (12. mars 2025). Det er sjølv sagt ikkje heile flokken, men det er ei byrjing på det som ligg nærast ei løysing som er i samsvar med faglege råd – utanom avlving.

Denne medlemene er kjent med at geiteflokkene kom til Kvist allereie i 1909, men at dei har vore «ville» sidan 1970-talet.

Denne medlemene meiner heller ikkje å skape ein presedens for å overstyre Mattilsynet i saker som gjeld husdyrhald, og understrekar at denne saka er heilt spesiell nettopp fordi geitene er i denne underlege mellomposisjonen mellom ville og domestiserte.

I svaret frå statsråden syner han til at ei anna løysing enn avlving kan vere å flytte geitene eller at dei blir overtatte av ein ny eigar på staden, men at eit slikt alternativ ikkje har meldt seg. Norsk genressurscenter er negative til flytte på geitene, fordi Mattilsynet har innført ulike soner og regiongrenser for sau og geit i Noreg. Alternativet til avlving som står att, vil då vere temming på staden.

Denne medlemene meiner vedtaket til Mattilsynet, som opnar for avlving frå 1. januar 2026, er for drastisk, ikkje minst i ljøs av den siste utviklinga i saka. Skal det vere ein reell sjanse for å temme fleire dyr, må dette skje over fleire år med ymse kull av kje.

Forslag frå mindretal

Forslag frå Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Raudt, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa ta initiativ til at Mattilsynet, i staden for å avvikle heile villgeitflokkenn innan fristen som no er sett, arbeider vidare for å finne løysingar som sikrar dyrevelferda til Kvistgeitene og tar vare på genressursane i vidare husdyrhald.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen blir fremja av medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til dokumentet og rår Stortinget til å gjere følgjande

v e d t a k:

Dokument 8:95 S (2024–2025) – Representantforslag frå stortingsrepresentantane Mímir Kristjánsson, Tobias Drevland Lund og Sofie Marhaug om å ta vare på villgeitene – blir ikkje vedtatt.

Oslo, i næringskomiteen, den 1. april 2025

Erling Sande

leiar

Olve Grotle

ordførar



Statsråden

Næringskomiteen på Stortinget
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref
2025/622

Vår ref
25/506-

Dato
3.mars 2025

Dokument 8:95 S (2024-2025) Representantforslag om å ta vare på villgeitene

Jeg viser til viser til brev fra Stortingets næringskomité 24. februar 2025 og til representantforslag 8:95 S (2024-2025) fra stortingsrepresentantene Mimir Kristjánsson, Tobias Drevland Lund og Sofie Marhaug.

Representantene har fremmet følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringa instruere Mattilsynet om å stanse avlivinga av villgeitene i Sogn og finne ei minneleg løysing med dei nye eigarane for å sikre dyrevelferda til villgeitene.»

Geiteflokket har en lang tilsynshistorikk. Mattilsynet har opplyst at de aktuelle geitene stammer fra 18 kje etter mjølkegeit som ble satt ut på 70-tallet, det vil si for om lag 50 år siden. Tilsynsmyndigheten har fulgt flokken siden 1980-tallet, på den tiden besto den trolig av rundt 150 dyr. Antallet dyr har siden den gang vært minkende. I følge eier er dyra i dag fordelt på to flokker, på om lag 15 dyr i hver flokk.

Mattilsynet har vedtatt at geiteholdet må avvikles enten ved avliving, overdragelse eller overføring av dyrene. Alternativene til avliving innebærer at dyrene kan flyttes eller overtas av ny eier på stedet. Det er vilkår i regelverket som må oppfylles for at dette skal kunne gjennomføres. Fristen var opprinnelig satt til 15. mai 2024, men er endret til 31. desember 2025. Jeg er ikke kjent med at noen ny eier har meldt seg.

Selv om geitene i praksis lever forvillet, er de ikke naturlig villlevende. Geitene må regnes som domestiserte dyr, og er altså husdyr. Det viktigste er ikke begrepsbruken, men at geitenes overlevelse fram til i dag ikke innebærer at de har tilpasset seg naturen slik ville dyr

har det. Mattilsynet har blant annet pekt på at de kjeer i februar i likhet med melkegeiter som holdes i fjøs. Dette er svært ugunstig for dyrene med tanke på sult og nedkjøling. Kjeene er også svært utsatt for predatorer som blant annet ørn og rev.

Det er Mattilsynet som fører tilsyn og fatter nødvendige vedtak for å oppnå etterlevelse av bestemmelser gitt i eller i medhold av lov om dyrevelferd. I denne saken har Mattilsynet på faglig grunnlag vurdert at dyra ikke har det bra og at flere grunnleggende eller viktige krav ikke er oppfylt. Dette har sammenheng med at de lever forvillet i naturen med manglende muligheter til tilsyn og stell som skal gi vern mot rovdyr, sykdom, skader, fødselsvansker, sult og oppfølging av sårbare individer. Mattilsynet har også mottatt informasjon som tyder på at dyra oppholder seg mer nær veien enn tidligere, med større risiko for både geiter og trafikanter. Både Mattilsynet og Norsk genressurssenter er bekymret for at innavl er og vil bli et alvorlig problem. Mattilsynet har opplyst at de 18 kjeene som var utgangspunkt for flokken allerede den gangen var nært beslektet. Flokken har for få individer med tilstrekkelig genetisk variasjon. Over tid kan innavl føre til opphoping av gener som gir sykdom og defekter som påvirker helsen og overlevelsen til individene i flokken. Mattilsynet mener at utilstrekkelig stell og tilsyn utgjør en risiko for innavl og helseutfordringer.

Mattilsynet opplyser at de har hatt god dialog med dyreeier, og at dyreeier ikke har klaget på vedtaket.

Forslagsstillerne ønsker at Mattilsynet skal instrueres om å stanse avlivinga av geitene og finne en minnelig løsning med de nye eierne for å sikre dyrevelferden. Som nevnt er jeg ikke kjent med at noen ny eier har meldt seg så langt.

For meg er dyrevelferden viktigst i denne saken. Jeg har tillit til at Mattilsynet har truffet sitt vedtak på grunnlag av gode faglige vurderinger. Ut fra tilsynshistorikken fremstår ikke vedtaket forhastet. Mattilsynets vedtak innebærer at flokken må avvikles innen utgangen av 2025, men utelukker ikke at det kan skje på andre måter enn ved avliving, dersom det er mulig. Dyreeier må i denne sammenheng vurdere hva som er ønskelig og mulig å få til innenfor regelverket, men vansker ved innfanging, flokkens ukjente helsestatus og manglende sporbarhet utgjør begrensninger.

På denne bakgrunn vil jeg tilrå at det ikke fattes vedtak i tråd med representantforslaget.

Med hilsen



Nils Kristen Sandtrøen

